

Møtereferat

Dato: 21.06.2018

Emne:	Samband mellom Kvinnherad, Stord og Tysnes - Møtereferat	
Til stades:	Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune Gaute Straume Epland, Stord kommune Håkon Rasmussen, Hordaland fylkeskommune Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune	
Forfall:		Sak: 2016/943-41
Møtetid:	Onsdag 20. juni 2018	Møtestad: 8 etg. fylkeshuset

Referent: Matti Torgersen

Kåre Martin Kleppe orienterte om rapport frå Norconsult på oppdrag frå Sunnhordlandssambandet AS om ferjefritt samband mellom Tysnes, Stord og Kvinnherad via Huglo. Rapporten inneheld ei tilleggsutrekning av trafikale effektar og trafikantnytte med ferjefri veg til Kvinnherad i kombinasjon med både midtre og sørlege kryssing med ny E39 over Lagunen.

I utrekningane med transportmodell av trafikantnytte for E39- prosjektet er det teke utgangspunkt i dagens samband mellom Kvinnherad og Bergen/Stord. Norconsult har i sine utrekningar brukt same modellapparat og datagrunnlag som er brukt i kommunedelplan for E39 for å rekne ut trafikkantnytte av ferjefri ved til Kvinnherad. Rapporten viser at eit ferjefritt samband mellom Kvinnherad og Tysnes kan auke trafikantnyttan ved ny E39 med seks milliardar kroner føresett midtre kryssing av Langenuen, og med syv milliarder kroner føresett sørleg kryssing av Langenuen. Rapporten seier ikkje noko om samfunnsøkonomisk nytte, då det m.a. krev kostnadsutrekningar for eit samband.

Ordførarane frå dei tre kommunane ønskjer å utarbeide ei tilleggsutgreiing for å vurdere nærare realismen i prosjektet. Utgreiinga bør gjerast av kommunane med støtte frå fylkeskommunen. Målet er å gje eit førebels skisse på kostnader og finansieringsmoglegheit for sambandet. Det er streke under at utgreiinga ikkje vil ta med veg mellom Kvinnherad og E134. Om det skal byggjast veg her, må dette bli føresett bygd som riksveg.

Fylkeskommunen har i utgangspunktet ikkje finansiell moglegheit til å finansiere eit nytt samband mellom Tysnes og Kvinnherad ved eigne midlar. Ein eventuell ny veg skal føresettast bli finansiert med bompengar og ferjeavløysingsmidlar. Moglege konsekvensar i snøggbåttilbodet kan også vere aktuelt å ta med som finansieringsgrunnlag. Med utgreiinga tek ein sikte på å avklare om det er realistisk å gå vidare med vurdering av ferjefritt samband mellom Tysnes og Kvinnherad.

Skissert løysing for bru har brufeste i Brandvik landskapsvernområde. Dette bør bli unngått.

Kommunane utarbeider framlegg til ein prosjektskisse som vert drøfta med fylkeskommunen like over sommaren. Fylkeskommunen har vedtak om å arbeide for innkorta ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad, og må difor avklare politisk om ein vil støtte eit prosjekt for å vurdere ferjefritt samband.

Moglege omgrep for prosjektet kan vere moglegheitsstudie eller skisseprosjekt.

Kommunane Stord og Kvinnherad vil parallelt med dette handsame sak om å sende planprogram og silingsrapport for ferjesambandet Stord-Kvinnherad ut på høyring.